

Styresak 9/24-B

Hovudgrep i utviklinga av den eigenfinansierte studieporteføljen ved HVL

Styremøte 7.mars 2024


Anne-Grethe Naustdal

Prorektor for utdanning



Arbeid med studieporteføljen

- › Saka viser kva arbeid høgskulen vidarefører og forslag til nye hovudgrep framover knytt til utvikling av studieporteføljen.
- › Saka er ei oppfølging av O-3/24 om hovudtrekka i utviklinga av den eigenfinansierte studieporteføljen frå 2018 til i dag.
- › Høgskulen hadde i 2023 fleire ledige studieplassar enn tidlegare
- › Lågare studiepoeng- og kandidatproduksjon vil gi lågare inntekter dei kommande åra og vi må ta gode grep for å snu utviklinga



Registrerte studentar (heiltidsekvivalentar) og studiepoengproduksjon. Kjelde: DBH

Styresaker studieportefølje november 2023 – november 2024

November 2023

- › Samla eigenfinansiert studieportefølje med opptaksrammer for studieåret 2024-25 vart fastsett

Februar 2024

- › Status i studieporteføljearbeidet frå fusjon og fram til d.d.

Mars 2024

- › Status dagens arbeid og forslag til nye hovudgrep høgskulen må ta framover.

Juni 2024

- › Løypemelding: Førebelse planar for studieporteføljen for studieåret 2025-26 og framover

Oktober 2024

- › Søknader om utgreiingsløyve av studium over 60 sp
- › Søknader om etablering av nye studium over 60 sp
- › Søknader om nedlegging av studium over 60 sp

November 2024

- › Nullopptak i studieåret 2025-26
- › Samla eigenfinansiert studieportefølje med opptaksrammer for studieåret 2025-26



Styringsgrunnlag

Dei overordna premissane for utviklinga av studieporteføljen 25/26 gitt i Verksemdsstrategi 2023-2030, Tildelingsbrev 2024 og Utviklingsavtale 2023-26 med KD.

Følgjande er sentralt:

- God forankring i nærregionane og på dei fem studiestadane Haugesund, Stord, Bergen, Sogndal og Førde (Fusjonsavtalen, 2016).
- Sjå utdannings- og kompetansebehova i Vestlandsregionen under eitt (Fusjonsavtalen)
- Følgje opp tiltak i Utsynsmeldinga; prioriterer å auke talet på studieplassar innafor IT, helse og utdanningar som er naudsynt for det grønne skiftet. Fagområda er allereie sterkt representert i HVL si eigenfinansierte studieportefølje (Utsynsmeldinga, 2023 og Tildelingsbrevet, 2024).
- Sviktande rekruttering, og utfordringar knytt til praksis i lærarutdanningane og nokre av helse- og sosialfagutdanningane. Krev at høgskulen prioriterer desse og har eit ansvar for å auke rekrutteringa (Tildelingsbrevet, 2024).



Hovudlinjene i utviklinga

- › I studieåret 2025/26 held HVL fram etter hovudlinjene i utviklinga av den eigenfinansierte studieporteføljen, slik den blei skildra i sak O-3/24.
 - Fortsette samordning av emne og studieprogram
 - Fortsette fleksibilisering av studietilbodet
 - Vurdere å tilby studietilbud som rekrutterer godt, på andre campus
 - Vurdere omfordeling av studieplassar internt i fakultetet

Ta inn nye styringssignal frå KD når dei legg fram stortingsmelding om opptak til høgare utdanning, profesjonsmeldinga og vedtek forskrift om undervisnings- og forskingsstillingar og rekrutteringsstillingar



Økonomisk berekraft

Ei tilpassing av samla studieportefølje (og anna aktivitet) til dei økonomiske rammene er heilt naudsynt. Samstundes skal vi realisere måla i HVL sin verksemdsstrategi 2023-2030 og sikre at måla i utviklingsavtalen med KD vert nådd.

- Kva grep skal HVL ta for å møte det nasjonale og regionale kompetansebehovet når studentrekrutteringa til berande utdanningar i porteføljen sviktar, og HVL står i ein utfordrande økonomisk situasjon?

Tabell 13 – Inntektsreduksjon studiepoeng og studieplassar

Fakultet	Endring studiepoengproduksjon	Endring studieplassar	Sum endring
Fakultet for helse- og sosialvitskap	-7 900 000	-8 500 000	-16 400 000
Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett	-26 200 000	-2 100 000	-28 300 000
Fakultet for teknologi, miljø og samfunnsvitskap	-7 600 000	-8 400 000	-16 000 000
Sum	-41 700 000	-19 000 000	-60 700 000

Styresak 8/24-B
ENDELEG BUDSJETT 2024



Vidare campusutvikling

I dag tilbyr HVL store profesjonsutdanningar på fleire campus. Studieprogramma er samordna for å hente ut faglege og økonomiske gevinstar. Det er behov for desse utdanningane regionalt, men studentrekrutteringa sviktar, særleg til dei mindre campusane. Men vi ser også at rekrutteringa går ned i Bergen.

- Kan dei regionale behova møtast på andre måtar enn slik vi i dag tilbyr våre utdanningar?
- Korleis styrke kvart av dei fem campusane og høgskulen samla sett innafor dei rammer som er gitt?



Høgskulen sitt moglegheitsrom

- › HVL har basisfinansiering for 13 000 studieplassar, der om lag 10 000 er fagspesifikke og resten er frie/strategiske.
 - › HVL fyller pr d.d. ikkje alle basisfinansierte studieplassar.
- › KD stiller krav til studiepoengproduksjon for alle basisfinansierte plassar og til kandidatmål for fagspesifikke utdanningar innan helse- og sosialfag og pedagogikk.
- › For å kunne definere eige moglegheitsrom i bruken av tildelte studieplassar, bør høgskulen avklare kva føringar som gjeld i dag for tidlegare tildelte studieplassar.

The screenshot shows a news article on the Khrono website. The main headline is "Taper 600 millioner kroner på færre lærerstudenter" (Loses 600 million kroner on fewer teacher students). The sub-headline reads: "Rekrutteringsvikten ved lærerutdanningene får dramatiske økonomiske konsekvenser. En tredjedel av den resultatbaserte bevilgningen vil forsvinne de neste årene." Below the text is a photograph of a classroom where students are raising their hands. The article text discusses the financial challenges of teacher education due to a decline in student numbers and the impact of a results-based funding system. It mentions that 600 million kroner is lost due to fewer students and that the government is expected to cut funding by one-third in the coming years. A sidebar on the right contains a "PÅTA" section with a warning about economic consequences of weak recruitment.



Høgskulen sitt moglegheitsrom

- Kor lenge skal høgskulen oppretthalde studieprogram som over tid har hatt få søkjarar?
- Bør HVL utarbeide retningslinjer for flytting av studieplassar til andre fagområde enn der dei er tildelt, når studentrekrutteringa sviktar?

DEBATT • FIRE REKTORAR I VINST-ALLIANSEN

Gje oss ei profesjonsmelding som gneistrar

Me helsar velkommen ei profesjonsmelding som styrkar kvaliteten og aukar tilliten og handlingsrommet.



Denne varen treng me mest av alt ei melding kor dei forskingsbaserte profesjonsutdanningane får eit løft, skriv dei fire rektorane i Vinst-alliansen. – Me forventar at profesjonsmeldinga går inn og ser på tiltak der studentrekruttering ikkje samsvarar med utdanningskapasitet. Foto: Siri Øverland Eriksen / Silje Katriine Robinson / Paul S. Amundsen / Ole André Lagmannsdøkk



Publisert Mandag 26.02.2024 - 15:08



I vår legg regjeringa fram profesjonsmeldinga. Å setja søkjelyset på kva som bidrar til auka kvalitet er bra og naudsynt. Diskusjonen om korleis institusjonane sine framtidige rammevilkår kan styrkast i tråd med morgondagens kompetansebehov og samfunnsendringar er vel så viktig.

Denne teksten er et debattinnlegg. Innholdet i teksten uttrykker forfatterens egen mening.

Det er stor mangel på arbeidskraft. Kommunar og næringsliv spør etter lærarar, sjukepleiarar og ingeniørar. Mangelen er størst i distrikta, men utfordringa er godt merkeande i byane. Våre fire institusjonar er kjent for aktivt samspel med samfunns- og arbeidsliv, og utdanning og forskning med høg innverknad. Med 27 studietader og 70 000 studentar forsyner me arbeidslivet i heile landet med fleire tusen kandidatar årleg.

2024 Mange endringer på gang i kunnsapssektoren i 2024

Regionalt nærvær er avgjerande for å nå nasjonale målsettingar om eit sterkt velferdssamfunn. Men å driva med profesjonsutdanningar på fleire campus og gjennom ulike fleksible og desentraliserte ordningar er ein kostbar utdanningsmodell. Profesjonsutdanningar på fleire campus har dokumentert høgare kostnader til praksis, ferdighetstrening, simulering, spesialrom og anna infrastruktur.

Å oppretthalde gode fagmiljø stiller også krav til storleik og kompetansenivå. I ei tid med rekrutteringsutfordringar av både studentar og tilsette vert dette forsterka.

Dimensjonering av studietilbod med omlegging og tilpassingar er krevjande arbeid. Ulike omyn må vektast. Det tek tid å byggja opp utdannings- og forskingskompetanse, og innovasjonsevna må stadig fornyast. Departementet forventar at me opprettheld kapasitet i utdanningar med høg etterspurnad i arbeidsmarknaden. Dei legg til grunn at kapasiteten vert halden oppe særskilt innan, helse- og sosialfag, teknologi og lærarutdanning. Dette inneber at institusjonane er listt i å gjera prioriteringar.

Høgskulen sitt moglegheitsrom

- › Kva er verknadane for eit studieprogram som vert trekt fleire år på rad grunna låge søkartal?
 - › Skal dette innarbeidast i trafikklysmodellen, slik at ein sikrar konkret oppfølging av studieprogram med for få søkjarar?
- › Dette er eit av dei sentrale vurderingane vi må ta framover i lys av det å kunne behalde breidde både fagleg og geografisk i vår studieportefølje, samstundes som ressursutnyttinga vert auka.

Trafikklysmodellen

- › Legg til grunn at forventa tal kvalifiserte førstevalssøkarar er ein indikator på framtidig fyllingsgrad
 - › Fyllingsgrad er forholdet mellom tal utlyste studieplassar og tal studentar møtt til studiestart
- › Studietilbod vert kategorisert i anten grøn, gul eller raud kategori ut i frå ei vurdering av kor stor del av dei utlyste studieplassane ein reknar med å fylle

